



Tormod Myklebust får mykje ros for løypa på jordet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dette er ei historisk hending i Uskedalen: Jordene til Tormod og Kåre Myklebust har vorte eitt vinter-eldorado for dei som vil innta det!

I dag har temperaturen falle - førebels til tre grader ved 13-tida - og den 2,5 kilometer lange løypa som Tormod har køyrt opp er eigna til å frista både små og store. Det er ei verkeleg profesjonell løype, med både klassisk spor og spor for skøyting.

- Du må gje Tormod sterk ros for at han har køyrt opp denne løypa, slik at vi ikkje treng å reisa så langt for å få vinterleg mosjon etter det store og eineståande snøfallet.
Det sa Konstane Otilia Tveit til uskedalen.no då ho spente på seg skiene i føremiddag.

Tormod var i full gang med å køyra opp att løypa etter det siste snødrysset om natta. Han var einig i at dette er ei historisk hending. Det har aldri før vore køyrt opp skikkelege skispor på Myklebust og Tormod må 50 år attende i tida for å minnast at det var skitevling på jordet.

- Men du må få med at også jordet til naboen min, Kåre Myklebust, er teken i bruk for å få til ei best mogeleg løype, sa Tormod, som sjølv er ein svært aktiv skientusiast.

Av Ola Matti Mathisen



Konstanse Otilia Tveit gjer seg klar for skituren på Myklebust. (Foto: Ola Matti Mathisen)